



## Saksutskrift

Arkivsak-dok. 15/00586-23  
Arkivkode. 2013008  
Saksbehandler Kjersti Næss Finne

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Utval for formannskap/plan og økonomi	10.11.2016	80/16
2 Kommunestyret	17.11.2016	68/16

### **Detaljreguleringsplan for E16 - Nærøydalen, planid 2013008, - godkjenning av plan**

**Utval for formannskap/plan og økonomi har behandlet saken i møte 10.11.2016 sak 80/16**

#### **Møtebehandling**

Saksordfører: Lillian Rogne

#### **Votering**

Administrasjonen si innstilling vart samrøystes tilrådd.

#### **Tilråding**

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12 godkjenner KST detaljreguleringsplan for E16 – Nærøydalen, planid 2013008 slik det går fram av plankart, føresegner og planomtale datert 07.10.16, signert Statens vegvesen.

Saksordfører: Lillian Rogne

### **Kommunestyret har behandlet saken i møte 17.11.2016 sak 68/16**

#### **Møtebehandling**

Repr. Lillian Rogne la fram saka på vegne av utval for formannskap/plan og økonomi.

Repr. L Rogne kom med slikt framlegg:

«Mengd massar som vert deponert, må reduserast mest mogleg. Då spesielt i myrområde.»

#### **Votering**

Framlegget frå repr. L. Rogne fall med 8 mot 35 røyster.

Tilrådinga frå utval for formannskap/plan og økonomi vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak**

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12 godkjenner KST detaljreguleringsplan for E16 – Nærøydalen, planid 2013008 slik det går fram av plankart, føresegner og planomtale datert 07.10.16, signert Statens vegvesen.

### **Administrasjonen si innstilling:**

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12 godkjenner KST detaljreguleringsplan for E16 – Nærøydalen, planid 2013008 slik det går fram av plankart, føresegner og planomtale datert 07.10.16, signert Statens vegvesen.

### **Vedlegg:**

PLANRAPPORT-E16 Nærøydalen revidert etter høyring\_oktober 2016.pdf

Føresegner E16 Nærøydalen Voss kommune revidert etter høyring\_oktober 2016.pdf

Plankart\_VOSS\_07-10-16.pdf

Vedlegg illustrasjonar deponi og veg13.10.16.pdf

Vurderingar plan i voss kommune\_oktober 2016.pdf

Innspele\_offentleg ettersyn.pdf

### **Samandrag av saka:**

Detaljreguleringsplan for skredsikring av E16 Nærøydalen, på strekninga frå Hylland i Aurland kommune til Slæn i Voss kommune har vore ute til offentleg ettersyn. Det kom til saman ti høyringsuttaler til planforslaget.

Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for ca 850 meter ny veg i dagen og 6,3 km veg i tunnel. I Voss kommune er det også avsett to større areal til bruk i anleggsfasen og til plassering av overskotsmassar.

Det er gjort litt mindre endringar og opprettingar i planmaterialet etter offentleg ettersyn, etter innspel frå både offentlege myndigheiter og private. Dei viktigaste endringane i plankartet gjeld oppdatering av omsynssone for 200-årsflaum og justering av vegføremål ved kryssing av Ljoselva. Vidare er det lagt inn maksimal kotehøgde for deponiområda, avkøyring frå E16 mot sørvest er dimensjonert for tømmerbil, og tilkomstveg til bustadhus på eigedom 331/3 er flytta etter ynskje frå grunneigar.

I føresegnene er det gjort litt presiseringar, mellom anna i forhold til at vidare masseuttak utover eitt år etter at veganlegget er opna, skal fremjast som ei ny plansak. Det er også tilføyd formuleringar for å sikre dyrka mark ved tilbakeføring av midlertidige rigg-, anleggsområde og deponi. Dette er gjort på bakgrunn av tilleggspunkt i FPL-sak ved utlegging til offentleg ettersyn, sak 53/16.

Statens vegvesen legg no plan med konsekvensutgreiing fram for 2. gongs handsaming og endeleg godkjenning. Administrasjonen tilrår at detaljreguleringsplan for E16 Nærøydalen for strekninga i Voss kommune vert godkjent.

## **Fakta om saka:**

### ***Bakgrunn for saka og føremål med planarbeidet***

Statens vegvesen har utarbeidd detaljreguleringsplan for skredsikring av E16 Nærøydalen, på strekninga frå Hylland i Aurland kommune til Slæn i Voss kommune. Planarbeidet inneber bygging av ein ny tunnel på store deler av strekninga. Nærøydalen er utsett for skred og steinsprang, og i perioden 2000-2015 har det gått nær 40 skred på strekninga. Forbi Stalheimskleivi er det i dag to tunnelar med dårleg geometri, og som ikkje er i samsvar med tunnelsikkerheitsforskrifta etter 2019.

### ***Grunneigarar, tiltakshavar og planleggjar***

Statens vegvesen er tiltakshavar for planarbeidet, og har utarbeidd planen i eigen regi. I underkant av 30 privatpersonar vert berørt i Voss kommune, enten som grunneigarar innafor planområdet, eller som eigarar av tilgrensande bustadhus eller fritidsbustader.

### ***Planprosess og medverknad***

- Statens vegvesen meldte oppstart av planarbeidet i brev 11.07.13, i samsvar med § 3-7 i plan- og bygningslova
- Det kom til saman 8 merknader frå offentlege instansar og 21 frå private, der 16 av dei private gjaldt strekninga i Voss kommune
- Det vart gjennomført eit ope informasjonsmøte i august 2013
- Planarbeidet vart lagt fram i Planforum i Hordaland, den 26.11.13
- Forprosjekt for val av løysing i området Slæn/Fyre vart sendt på høyring til grunneigarar og andre berørte med høyringsfrist 17.01.14
- Det vart gjennomført informasjonsmøte i samband med forprosjektet i januar 2014
- Det kom inn 5 merknader frå private til forprosjektet
- Voss kommunestyre godkjente planprogram, og tilrådde samtidig at alternativ 5 i forprosjektet vart lagt til grunn for vidare planarbeid, jf. KST-sak 40/14
- På grunn av behov for ny tilkomstveg til områda Slæn og Tveito vart planområdet varsla utvida med ca 30 daa i juli 2015
- Det vart gjennomført open kontordag om planutvidinga ved Slæn i august 2015
- Fylkesmannen i Hordaland, Hordaland fylkeskommune og 4 private partar kom med innspel til denne endringa
- Den 24.02.16 vart det gjennomført eit felles planforum for Hordaland og Sogn og Fjordane.
- I FPL 21.04.16 vart det informert om planforslaget
- 1.gongs handsaming og vedtak om utlegging til offentleg ettersyn vart gjort i FPL den 23.06.16, sak 53/16.
- Planforslaget låg ute til høyring i perioden 02.07.2016 til 25.08.2016.
- Det vart gjennomført eit ope informasjonsmøte om planforslaget i august 2016
- Det kom inn 10 høyringsuttaler i samband med offentleg ettersyn.

### ***Planstatus og tilhøve til andre planar***


I gjeldande kommuneplan er ny vegtrase bandlagt for regulering i påvendte av ny plan. Del av området er også bandlagt som Nærøydalen landskapsvernområde. I kommuneplanen ligg det berørte planområdet som landbruk, natur, friluftsliv (LNFR) og skytefelt/øvingsområde. Forsvaret v/Forsvarsbygg har starta opp eit planarbeid i området Mjølfjell-Brandset. Det har vore dialog mellom Statens vegvesen og Forsvarsbygg om grensesnittet mellom planane.

Det er også starta eit arbeid med ny kommunedelplan for strekninga Slæn- Tvinno, som skal legge til rette for ei vidareføring av E16 mot Voss sentrum. Ved oppstart var planområda delvis overlappende, men ved vidare arbeid vil ny kommunedelplan ta utgangspunkt i planen for Nærøydalen.

### ***Innhald i planen***

#### ***Vegnett***

Ny veg vert kopla til eksisterande E16 ved Slæn. Ny E16 vil krysse Ljoselva og gå vidare inn i tunnel gjennom Øvsthusnipa. I aust vert ny veg kopla til eksisterande E16 nær Hylland.



*Utsnitt av plankart v/Slæn. Retning mot Haugsvik i sørvest, og Stalheim mot nord. Ny E16 kryssar Ljoselvi før den går inn i tunnel.*

#### ***Kryss og avkøyringar***

Noverande avkøyring til gardane Slæn og Tveito vil bli stengt. Ny avkøyring vil bli via nytt hovudkryss som koplar seg på gamle E16. Gamle E16 vil bli open for ferdsle, og vil mellom anna bli tilkomstveg til Fyre og vidare mot Stalheim.

Eksisterande avkøyrsla ved hyttene i sørvestre del av planområdet vert oppretthalden. Denne avkøyrsla ligg i overgangssona til eksisterande veg, og siktilhøva til avkøyrsla er stetta. Tilkomstvegane i dette området vert lagt om slik at dei får større avstand til E16.

#### ***Gang – og sykkelveg***


Frå nytt kryss ved Slæn er det planlagt gang- og sykkelveg som koplar seg på eksisterande system mot busslomme ved Slæn. Driftsbygningen til gbnr 331/3 har behov for tilkomst for store køyretøy nokre gonger i året, og er sikra rett til slik tilkomst via nytt kryss og gang- og sykkelvegen.

#### ***Kollektivtrafikk***

Det er i dag busslommer på begge sider av vegen ved avkøyrsla til Slænsvegen. I planen er busslomma ved Slæn for trafikk austover oppdimensjonert for ny vegstandard, medan busslomma for trafikk vestover skal vidareførast med dagens standard.

#### ***Mellombels rigg- og anleggsområde – deponi***

Veganlegget i planforslaget gir eit teoretisk masseoverskot på omlag 950.000 m<sup>3</sup>. Bergartane i tunnelen er vurdert å vere godt eigna til vegbygging, og består mellom anna av kvit anortositt. På grunn av verdsarvområdet i Nærøydalen er det lagt opp til at overskotsmassar skal deponerast i området ved Slæn.



Flyfoto viser  
omriss av  
planområdet med  
veganlegg og  
massedeponi ved  
Slæn i Voss  
kommune

Områda er regulert gjennom føresegnsoner som mellombels rigg- og anleggsområde, som betyr at underliggjande føremål (LNFR) vil gjelde etter at anleggsarbeidet er avslutta. Innan 1 år etter at veganlegget er opna for trafikk, skal massedeponia vere tilstelt i tråd med byggeplan, og revegetering skal vere igangsett jf § 8.1 i føresegnene. Områda vert då tilbakeført til LNF. I føresegnene er det vist til at det skal utarbeidast ein *ytre miljøplan*, jf §§ 3.1 og 3.8, som mellom anna sikrar at det vert tatt omsyn til jordbruksinteressene. Føringar for ytre miljøplan er lista opp i tabell 4.15 i planomtalen.

#### *Omsynssoner*

I planen er det lagt inn omsynssoner for friskt, sikringszone for tunnel, faresone for flaum, ras- og skred, høgspenningsanlegg og bevaring naturmiljø. Bevaring naturmiljø sikrar ei buffersone mot vassdrag og mellom deponi og fritidsbustader.

#### *Rekkefølgekrev – oppfølging og gjennomføring*

I planføresegnene §3.1 er det lagt inn rekkefølgekrev for å sikre at viktige omsyn vert fylgt opp. Dette gjeld:

- *Byggeplan, ytre miljøplan, rigg- og marksikringsplan*
- *Formingsrettleiar*
- *Plan for trafikkavvikling*
- *Terrenghandsaming, tilvøling og revegetering*
- *Risikoreduserande tiltak*
- *Varsling ved arbeid nær kraftleidningar*

I føresegnene er det også sikra at grunneigarar og berørte naboar skal få informasjon om byggeplanen og korleis vegarbeidet skal gjennomførast, i forkant av anleggstart, jf § 3.10.

#### **Plandokument**

Viktige føresetnader for planarbeidet har vore at vegen skal utformast slik at det ikkje oppstår uakseptable konflikstar i høve til verdsarvområde Vestnorsk Fjordlandskap,

delområde Nærøyfjorden, og Nærøyfjorden landskapsvernområde. Vegtrasé skal også så langt det er mogleg ta omsyn til naturmiljø-, kulturmiljø-, nærmiljø/friluftslivs-, landbruks- og mineralressursinteressene i området. Dette er godt skildra i planomtale, konsekvensutgreiingar (KU) og risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse). I kapittel 4.4 i planomtalen er det laga ei samanstilling av samla konsekvensar. Avbøtande tiltak er fylgt opp i planforslaget, og er lagt inn som føringar ved utarbeiding av ytre miljøplan, jf. tabell 4.15 i kapittel 4.7 i planomtalen.

Det er konkludert med at reguleringsplanen kan gjennomførast utan uakseptabel risiko i anleggsfasen, og vegsystemet kan takast i bruk utan uakseptabel risiko for brukarane av vegsystemet så lenge tiltak avdekka gjennom arbeidet med ROS-analysen vert gjennomført, jf. §3.11. Planen er eit skredsikringsprosjekt som i seg sjølv også vil redusere risiko.

### **Administrasjonen si vurdering:**

#### ***Vurdering av innspel***

Det kom til saman 10 innspel under høyringa. Fem av desse er frå offentlege instansar, i tillegg til at Statens vegvesen sjølv har kome med innspel til vedtaket som vart gjort i FPL ved utlegging til offentlig ettersyn. Statens vegvesen har summert opp og kommentert merknadene i notatet *Vurdering av innkomne merknader til planforslag i Voss kommune, oktober 2016*. Notatet ligg vedlagt, det same gjer også dei innkomne merknadene. Hovudinnhaldet i innspela er summert opp og kommentert under.

#### **Direktoratet for mineralforvaltning, 11.08.16**

Vil påpeike at det er viktig at massane nyttast ut i frå kvaliteten dei har. Viss det skal vere mogleg å ta att deponerte massar må ein har oversikt over variasjon i kvalitet, og kor forskjellige kvaliteter blir deponert. Har ingen kommentarar utover dette.

#### ***Statens vegvesen si vurdering***

Statens vegvesen treng massar av god kvalitet for andre veganlegg. I anleggsfasen vil det bli registrert kor stein av ulike kvaliteter vert lagra. Det kan vere ynskjeleg å avhende massar til andre aktørar i samband med veganlegget, sjå svar til innspel frå Hordaland fylkeskommune.

#### ***Administrasjonen sin kommentar***

Det må vere eit mål at samla areal til permanent deponering av massar vert så lite som mogleg, og at dyrka mark sparast så langt som råd. Dette er ivaretatt i føresegnene under §8.1, 3. avsnitt. For å sikre tilgang på gode massar ved vidare vegbygging mot Voss, vil det vere behov for å plassere ein del massar i deponi. Deponia skal dekkast til og revegeterast innan eitt år etter at veganlegget er opna, og uttak av desse massane vil krevje ein ny reguleringsplan.

#### **Forsvarsbygg, 25.08.16**

Har sjølv reguleringsarbeid på gang i området, og delar av Forsvarsbygg sitt planarbeid synast å overlappe med plangrense for detaljreguleringsplan E16 Nærøydalen. Gjer merksam på at det må gjerast ei avklaring av respektive plangrenser for nemnte planar. Forsvaret sine interesser gir grunnlag for motsegn, men vi ber heller om at merknadane vert teke til følge og avklart som del av planprosessen.

### *Statens vegvesen si vurdering*

Det er gjennomført eit møte med Forsvarsbygg. Dei informerte om at området der E16 vert planlagt truleg skal avhendast som militært øvingsfelt, men at dei treng ei intern avklaring for å endeleg fastslå dette. Forsvarsbygg vil søke å få intern avklaring innan planen skal handsamast i kommunen.

### *Administrasjonen sin kommentar*

Det er sendt førespurnad til Forsvarsbygg vedkomande status på den interne avklaringa, utan at ein har fått tilbakemelding. Møtet mellom Forsvarsbygg og Statens vegvesen var 22. september. Ein reknar difor med at Forsvarsbygg hadde kome med tilbakemelding no, dersom det var behov for endringar av planen.

### Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE), 22.08.16

Overfløymd areal for 200-årsflaum (inkl. 40% klimapåslag) før utbygging, skal synast i plankartet som omsynssone H320 Flaumfare. NVE legg til grunn at omsynssona for flaum vert retta opp i tråd med dette før slutthandsaming av planen. Vidare legg dei vekt på at det ikkje skal vere naudsynt med ytterlegare handsaming frå NVE si side, for tiltak som er i samsvar med reguleringsplanen. Dei ber difor om at siste formuleringa i føresegnene § 9.4 Flaumfare om at uttale frå NVE vert teken bort. Dei oppmodar også om å ta med symbol for støttemur i plankartet.

Elles er NVE nøgde med at det er sett frist for tilstelling og revegetering av deponi. Det må tydleggjerast at eventuell anleggsdrift/uttak av stein etter at fristen for tilstelling og revegetering er gått ut må gjennom ein ny planprosess der konsekvensar av ei aktuell drift vert utgreidd. Bruk av steinknuseverk vert då knytt til anleggsperioden og NVE tilrår at setninga i føresegnene «Ved eventuell etablering av steinknuseverk skal dette plasserast med minst moglege ulempe for omgjevnadane» vert teken ut.

### *Statens vegvesen si vurdering*

Merknader frå NVE om oppretting av plankartet for omsynssone flaum og symbol for støttemur er tatt til følgje. Det same gjeld endringar i føresegner med tanke på uttale frå NVE (§ 7-4), og presisering av at uttak av massar etter tilbakeføring må opp som ny plansak (§ 8.1). Setning om steinknuseverk er også tatt ut.

### *Administrasjonen sin kommentar*

Har ingen merknader utover Statens vegvesen si tilbakemelding.

### Hordaland fylkeskommune, 25.08.16

Er positiv til den planlagte løysinga for rassikker veg gjennom Nærøydalen. Men har merknader til planforslaget når det gjeld utgreiing av bruken av anortositt som skal takast ut ved produksjon av tunnelen. Vi ber om at det vert nærare utgreidd korleis anortositten kan utnyttast næringsmessig og kommersielt. Vi ber om at desse merknadene vert teke omsyn til i prosessen vidare.

### *Statens vegvesen si vurdering*

Statens vegvesen er samd i at beste løysinga er at steinen vert nytta og ikkje lagt i permanente deponi. Samtidig er det naudsynt for å ha ein plan for kvar massane kan plasserast dersom private aktørar ikkje kan ta i mot steinen. Som del av planarbeidet vart det starta dialog med mulige aktørar for gruvedrift i Nærøydalen.

Statens vegvesen som offentlig etat kan ikkje gi ein privat aktør rett til å ta i mot steinen utan å sikre at alle mulige aktørar får same moglieheit. Dette er årsaka til at det ikkje vart konkludert med korleis steinmassar alternativt kan brukast.

Det er under utarbeiding kommunedelplan for å utbetre E16 vidare frå Slæn mot Voss. På denne strekninga er fjellkvaliteten truleg slik at ein ikkje får nok gode massar til å bygge veg for. Statens vegvesen ynskjer å sikre seg gode steinmassar frå veganlegget i Nærøydalen, ved å legge dei i deponiet langs E16.

#### *Administrasjonen sin kommentar*

Er samd i at den beste løysinga er at mest mogleg av steinressursane vert nytta og ikkje plassert i permanente deponi, men ser samtidig behovet for massar til vidare vegbygging. Viser også til kommentar innspel frå Direktoratet for mineralforvaltning.

#### Fylkesmannen i Hordaland, 24.08.16

Er nøgd med at det er utarbeidd framlegg til detaljreguleringsplan for E16 Nærøydalen, i samsvar med regjeringa sin politikk om etablering av effektive, tilgjengelege, trygge og miljøvenlege transportsystem. Dei har likevel merknader når det gjeld samfunnstryggleik, der tiltak avdekka i risikoanalysearbeid må sikrast gjennomført i planføresegnene. Når det gjeld landskapsomsyn ynskjer dei betre visualisering av deponiområda og tilrår å regulere inn maks kotehøgd. Vidare meiner dei setninga om steinknuseverk er overflødig då anleggsdrift utover eitt år etter opning av veganlegget må regulerast på nytt. Dei legg til grunn at avrenning frå anleggsarbeidet ikkje vil skade fisk/vassdrag, og at avbøtande tiltak i forhold til naturmangfald, landskap, naturressursar, ureining, nærmiljø og friluftsliv som skal sikrast oppfølging i YM-plan(ytre miljø) er juridisk bindande.

Fylkesmannen har merknad til formulering av føresegner for støy, jf. § 3.5, og meiner setninga «så langt det er teknisk og økonomisk forsvarleg etter kost/nytte vurderingar» må takast ut då desse tilhøva allereie er regulert i statleg retningslinje for støy T-1442. Vidare ynskjer dei rekkefølgekrav som er omtalt i andre punkt i føresegnene vert synleggjort i eige punkt om rekkefølgekrav. Mellom anna gjeld dette krav til tilbakeføring av areal nytta til riggområde, midlertidige anleggsvegar, deponi m.m.

Fylkesmannen forventar at trafikkavvikling i byggeperioden som skal omhandlast i ein eigen plan, legg til rette for at E16 vert open til ein kvar tid, eventuelt med tilfredsstillande omkøyringsalternativ. Dei tek også atterhald om at det vert gitt dispensasjon frå verneforskrifta for Nærøydalen landskapsvernområde.

#### *Statens vegvesen si vurdering*

Fylkesmannen sine innspel er tatt omsyn til jf. nytt punkt i føresegnene, § 3.11, om risikoreduserande tiltak. Det er også utarbeidd nye illustrasjonar for massedeponia som ligg vedlagt. Maks kotehøgd er tatt inn i planen (§8.1), tiltak skissert i YM-plan er gjort juridisk bindande i føresegnene (§3.8), setning om steinknuseverk er tatt ut jf. § 8.1, føresegn om støy er retta opp (§3.6) og punkt om rekkefølgekrav er utvida slik at alle viktige tiltak er sikra gjennomføring, jf. §3.1. Når det gjeld trafikkavvikling må det påreknast vegstenging i kortare periodar då tunnelpåhogget ved Hylland ligg svært nær E16. Elles vert det lagt opp til at E16 skal vere open, berre med kortare stengingar, når omsyn til tryggleik krev dette.



### *Administrasjonen sin kommentar*

Har ingen merknader utover Statens vegvesen si tilbakemelding.

### Vossestrand skyttarlag, 31.08.16

Vart stifta i 1879 og er eit aktivt lag med bortimot 140 medlemmer frå Vossestrand og områda rundt. Skytebana ligg i den planlagde vegtraseen på Slæn. Dei viser også til at dei har avtalt bruksrett med grunneigar inkludert tilkomst over hans eigedom. Dei har ikkje fått informasjon om vegprosjektet. Skyttarlaget ynskjer å komme i dialog for å få erstatta skytebana med ny skytebane i området. Dei vil bidra i å finne ny lokalitet til bana.

### *Statens vegvesen si vurdering*

Skyttarlaget er ikkje grunneigar i området, og har difor ikkje blitt direkte tilskrive ved oppstart av planarbeidet. Eventuelt rett på erstatning vil bli vurdert i samband med grunnnerverv når veganlegget skal byggast.

### *Administrasjonen sin kommentar*

Er positiv til å starte ein dialog med Vossestrand skyttarlag om vidare prosess for å få etablert ny skytebane.

### Per Anders Tveite gnr. 330 bnr. 1 og 3, 25.08.16

Er gardbrukar på heiltid og driv med mjølk- og kjøttproduksjon, samt skogsdrift. Ein stor del av eigedomen ligg på sørsida av E16, og han treng difor ein sikker og trygg tilkomstveg mellom eigedomane. Ynskjer at tilkomstveg og lunneplass sør for E16 fortsatt kan brukast og at tilkomstvegen til dette området kan køyrast av tømmerbil.

Ynskjer også tilkomst via landbruksvegen under ny E16, på eigedomen til Lars Sleen, for å få ein sikker tilkomst til sørsida av E16, og sleppe å køyre langs E16 mellom eigedomane. Denne kan også verte aktuelt å nytte dersom eksisterande tilkomstveg vert for trafikkfarleg å nytte.

### *Statens vegvesen si vurdering*

Grunneigar får oppretthalde eksisterande tilkomst til sine eigedomar, men med noko omlegging då krysset til Slænsvegen vert stengd. Vi meiner planlagd løysing er tryggare enn slik kryssinga skjer i dag.

### *Administrasjonen sin kommentar*

Tilkomst, SKV7, frå E16 vil bli dimensjonert for tømmerbil, slik at bruk av tømmerbil kan oppretthaldast. Ein har forståing for at Tveite ynskjer vegrett på ny tilkomstveg under E16. Men, ny tilkomstveg vil erstatte eksisterande tilkomstveg her, og kven som har vegrett vil vere eit privatrettslege tilhøve.

### Advokat Sjur Vinje, 22.08.16 og 31.08.16

Advokat Vinje representerer fleire grunneigarar i området og har tatt opp tema som er aktuelle i samband med vurdering av ulemper og erstatning, inkludert ulemper i anleggsperioden. Dette gjeld mellom anna støy og vassforsyningsanlegg. Det vert også tatt opp ynskje om 60-sone forbi Slæn, då dette vil redusere fare for ulukker og støy. Det vert også mellom anna vist til ynskje frå;

- Reidar Sleen om justering av tilkomstveg frå ny lokalveg til bustadhus på gnr 331, bnr 3, ny garasje og varerøyr mellom eigedomar på begge sider av E16.

- Ivar Rokne gnr. 331 bnr. 9 ynskjer at tilkomstvegen vert avslutta i grensa mellom bnr. 10 og bnr. 9, slik at vegen ikkje kjem inn på bnr. 9 slik reguleringsplanteikninga viser. Ynskjer i tillegg ein tinglyst rett til parkering.

#### *Statens vegvesen si vurdering*

Rett på erstatning vil bli vurdert i samband med grunnvervet når veganlegget skal byggast. I planarbeidet er det lagt til grunn vegstandard for 80 km/t.

Statens vegvesen meiner reguleringsplanen skal vise tilkomst til begge eigedomane (331/9 og 331/10). Vi rår difor til at tilkomstveg inn på eigedom gnr. 331 bnr.9 vert regulert slik planforslaget viser, og at eigedom gnr. 331 bnr. 10 får rett til avkøyrsla vist med avkøyrsllepil.

Nytt kryss med kanalisering inkludert sperrelinje vil redusere fare for forbikøyring på strekninga. Når det gjeld støy vil det i samband med utarbeiding av byggeplan for veganlegget bli gjort ei vurdering av om det er behov for skjerming av uteplassar m.m.

Ny foreslått tilkomstveg ligg på Reidar Sleen sin eigedom, og flytting gir ingen utfordringar i høve trafikktryggleik. Statens vegvesen flytter avkøyrsla slik Sleen ynskjer.

Andre tilhøve vil bli tatt opp i samband med byggeplanen.

#### *Administrasjonen sin kommentar*

Har ingen merknader utover Statens vegvesen si tilbakemelding.

#### Vedtak i formannskap, plan og økonomi

I samband med offentleg ettersyn vart det lagt til to tilleggspunkt i vedtaket, FPL-sak 53/16:

1. «For å unngå å bruka fulldyrka jord til deponi skal ein leggja masse på dyrka jord berre i tilfelle ein ikkje får plass på dei andre deponia.
2. Når arbeidet er ferdig skal det leggjast på minst 1 m jord der dyrka mark har vorte brukt til deponi.»

Statens vegvesen kommenterte desse tilleggspunkta i eit eige brev datert 31.08.16.

*Voss kommune har ikkje i sitt vedtak gjort greie for kva slags deponi det her er snakk om. Statens vegvesen går ut frå at det her er snakk om deponi av meir langvarig karakter. Statens vegvesen har forståing for ynskje om å verna om dyrka mark i størst mogleg grad, og me vil koma dykkar ynskje i møte så langt råd er. Me vil spesielt peika på at me er avhengige av ei rasjonell, effektiv og trygg drift av veganlegget. Delar av massane frå tunnel skal nyttast vidare i veganlegget, og det vil vera trong for område både for omlasting, knusing etc nært til der tunnelen vert driven frå. Dette må skje på LNF-området ved tunnelen som er avsett til mellombels anlegg- og riggområdet aust for dagens E16.*

*Voss kommune har i sitt vedtak sagt at det skal leggjast på 1 meter jord utan at dei har gjort greie for kva type jord dei snakkar om. Det første laget jordmassar som skal leggjast oppå deponert stein må vera av ein slik art at ikkje alt forsvinn ned mellom steinane. Statens vegvesen tek utgangspunkt i Norsk institutt for skog og landskap sine definisjonar. Fulldyrka jord skal kunne fornyast ved pløying til vanleg pløyedjupne, det vil seie minst 20 cm, og med eit tilstrekkeleg steinfritt ploglag og ei jorrdjupne på meir enn 30 cm til fast fjell.*

Statens vegvesen viser også til §8.1 i føresegnene; «Omsynet til dyrka mark skal skildrast spesielt i YM-plan. Dersom mengd massar som vert deponert vert redusert, bør ein prøve å ta i bruk minst mogeleg dyrka mark.».

#### *Administrasjonen sin kommentar*

Er samd med Statens vegvesen om at punkt 1 i tilleggsvedtaket er tatt omsyn til i §8.1 i føresegnene. Når det gjeld tilleggspunkt 2, har det vore dialog med Statens vegvesen om korleis dette på ein best mogleg måte kan ivaretakast gjennom føresegnene. Etter rådføring med næringsavdelinga har vi foreslått følgjande tilleggsformulering i §8.1 i føresegnene, i 3. avsnitt:

*Fulldyrka jord skal så godt som råd tilbakeførast i tilsvarande stand som før anleggsstart. Næringsavdelinga i Voss kommune skal rådførast i samband med tilbakeføring og eventuell nydyrking av landbruksareal.*

Statens vegvesen har tatt dette inn i føresegnene, og administrasjonen meiner at omsynet til dyrka mark vert ivare tatt på ein tilfredsstillande måte, ikkje minst ved at ein sikrar ei fagleg oppfølging gjennom dialog med næringsavdelinga i samband med tilbakeføring av jordbruksareal.

#### **Endringar i planen etter offentleg ettersyn**

I kapittel 4 i vurderingsnotatet frå Statens vegvesen, er det gjort ei oppsummering av endringar i planen etter offentleg ettersyn. Dei viktigaste endringane er omtalt under.

#### *Plankart:*

- Omsynssone for 200-årsflaum, H320, er lagt inn med rett avgrensing.
- Vegføremål o\_SVG og o\_SKV er retta ved kryssing av Ljoselvi, og er trekt lenger unna elveløpet.
- Symbol for støttemur er teikna inn.
- Det er lagt inn maksimal kotehøgde på deponiområda.
- Avkøyring for hytter og landbruksareal mot søraust er utvida slik at den kan trafikkerast med tømmerbil.
- Tilkomsveg til tun på gnr 331, bnr 3 er flytta litt mot vest etter ynskje frå grunneigar.

#### *Føresegner:*

- Rekkfølgekrav, § 3.1, er utvida med alle aktuelle tiltak som skal sikrast i forkant av byggestart, i samband med anleggsarbeidet, og når det gjeld krav til tilbakeføring.
- Setning i § 3.6 om støy: « *Dette gjeld så langt det er teknisk og økonomisk forsvarleg etter kost/nytte vurderingar*», er fjerna etter innspel frå fylkesmannen.
- Nytt punkt §3.11 som omhandlar risikoreducerande tiltak.
- Formulering for dei fleste punkt som gjeld felles private tilkomstvegar er endra til ei meir generell formulering; *Felles tilkomst til alle eigedomar vegen naturleg fører til*, jf. § 4.2.
- Setning i §7.4 «*Søknad om tiltak i faresone flaum skal leggest fram for NVE til uttale*» er fjerna etter innspel frå NVE.
- I § 8.1, 3. avsnitt om tilbakeføring av dyrka mark er det lagt til: «*Fulldyrka jord skal så godt som råd tilbakeførast i tilsvarande stand som før anleggsstart. Næringsavdelinga i Voss kommune skal rådførast i samband med tilbakeføring og eventuell nydyrking av landbruksareal.*»

- Setning i § 8.1, 5. avsnitt «*Ved eventuell etablering av steinknuseverk skal dette plasserast med minst moglege ulempe for omgjevnadane.*» er fjerna etter innspel frå fylkesmannen og NVE. I same avsnitt er det presisert at uttak av massar utover eitt år etter at veganlegget er opna, må fremjast som ei ny plansak.

I planomtalen er det tatt inn tilføyingar i kapittel om YM-plan, i tekst og tabell 4.15 under tema «Landskapsbilete» basert på innspel frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, punkt 1 og 5. I tillegg til dette er det gjort litt mindre opprettingar og justeringar i plandokumenta.

### **Konklusjon**

Ny vegtrase mellom Slæn og Hylland er eit viktig prosjekt for regionen, og skredsikringsplanen for region vest har gitt prosjektet høg prioritet. I Nasjonal Transportplan 2014 - 2023 er E16 Nærøydalen vurdert som eit skredsikringsprosjekt med oppstart i perioden 2018-2023. Prosjektet er òg vidareført i «*Grunnlagsdokument Nasjonal transportplan 2018-2029*» frå Avinor, Jernbaneverket, Kystverket og Statens vegvesen. Nasjonal transportplan er venta vedteken i løpet av 2017.

Ny E16 går gjennom eit verdifullt landskap i verdsarvområdet i Nærøyfjorden. I tillegg har området omfattande interesser knytt til landbruk, reiseliv og gruvedrift. Statens vegvesen har gjennomført eit grundig planarbeid med konsekvensutgreiing for landskap, nærmiljø/friluftsliv, naturmiljø, kulturmiljø og naturressursar. Det ligg føre god dokumentasjon over viktige omsyn og avbøtande tiltak, som skal sikre ei god oppfølging i byggefasen.

Administrasjonen tilrår at detaljreguleringsplan for E16 Nærøydalen for strekninga i Voss kommune vert godkjent.



PLANRAPPORT-E16  
Nærøydalen revidert



Føresegner E16  
Nærøydalen Voss kc



Plankart\_VOSS\_07-1  
0-16.pdf



Vedlegg  
illustrasjonar depon



Vurderingar plan i  
voss kommune\_oktc



Innspel\_offentleg  
ettersyn.pdf

**RETT UTSKRIFT**  
DATO 28.november.2016